



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Utviklingskomite	08.06.2016	034/16

Høring på nye jakttider samt sanking av egg og dun for perioden 1 april 2017 - 31. mars 2022

Dokumentnr	Tittel
297928	Høring på nye jakttider samt sanking av egg og dun for perioden 1 april 2017 - 31. mars 2022

1. Rådmannens forslag til

vedtak:

Rådmannen stør forslaget til endringer i jakt og fangsttider som Mijødirektoratet legg fram i høringsnotatet.

Rådmannen stør Alternativ 1, kort jakttid på elg frå 25.09. – 31.10. for elg.

2. Rådmannen stør forslaget om og avslutte vinterjakt på rype.
3. Rådmannen ynskjer at jakt på måke i fjellet skal fortette da måke ikkje naturleg høyrer heime i fjellet.

Rådmannen i Odda, 25.05.2015

08.06.2016 Utviklingskomite

Behandling:

Tokheim (V) merka;

Høringsnotatet alt link til det vart sakna i saksframlegget. Forslaget må redigerast og føreslo ;

Nytt pkt 4; UTK går imot å opna for jakt på måltrost og svarttrost

Innspel i debatten: Kva måse i fjellet er det snakk om, innkorta elgjakttid, opning for jakt på trost og småfuglar

Repr Rasmussen (A) ønska saka utsett.

Rådmannen ved sakshandsamar Loe kommenterte innspela

Komiteleiar Tokheim (V) sette saka under realvotering

UTK-034/16 Vedtak:

Punktvis votering;

Pkt 1. Vedteke med 13 mot 1 stemme (SP)

Pkt 2. Vedteke - samr

Pkt 3 Vart avvist med 7 mot 7 ved møterleiar si votering

Nytt pkt 4 Vedteke mot 1 stemme (SP)

Vedtaket er :

Utviklingskomiteen i Odda stør forslaget til endringar i jakt og fangstider som Mijødirektoratet legg fram i høyringsnotatet.

Alternativ 1, kort jakttid på elg frå 25.09. – 31.10

Å avslutte vinterjakt på rype.

Utviklingskomiteen går imot å opna for jakt på måltrost og svarttrost

Saka gjeld:

Odda kommune mottok den 4.5.2016 høyringsnotat Nye jakt og fangstider 2017 – 2022 frå Miljødirektoratet sak 2016/352. Høyringsnotatet går ut på og fastsette nye jakt og fangstider samt sanking av egg og dun for perioden 1. april 2017 – 31. mars 2022. Høyringa er sendt til alle kommunar men det skal sendast til fylkeskommunen for samla innsending til Miljødirektoratet. Bakgrunnen er at gjeldande forskrift 2. mars 2012 om jakt og fangstider gjeld til 31. mars 2017. Det høyrast kun på dei artane som det synast å vere behov for endringar i forhold til jakttider.

Vurdering /drøfting:

Odda kommune si oppgåve i samband med denne høyringa er å uttale seg i høve høyringsnotatet og senda sitt framlegg til eventuell justering til Fylkeskommunen. Saka vert sendt vidare til Miljødirektoratet samla frå Fylkeskommunen. Når det gjeld høyringsprosessen meiner sakshandsamar at saka har vore godt nok opplyst. Miljødirektoratet har fått få henvendelsar på ynskje om endring av forskrift 2. mars 2012 om jakt og fangstider. Endringane er i hovudsak foreslått på grunnlag av endrande bestandsforhold.

1. Jakttid elg: Forslaget går ut på at Miljødirektoratet ynskjer ei lik jakttid for heile landet med unntak av Karasjok og Kautokeino med jaktstart 25.09. Det ligg føre 2 alternativ for jaktstutt:

Alternativ 1, kort jakttid med moglegheit for innskrenking i for og etterkant. 25.09. – 31.10.

Alternativ 2, lang jakttid med moglegheit for innskrenking i for og etterkant. 25.09. – 23.12.

Begge alternativet endrar jakttida som vestlandet har med start 10.09. Dette er det ikkje høyring på kun alternativ 1 og 2. Elg stamma i Odda er avgrensa og eit forsiktig uttak. Difor går ein inn for alternativ 1 kort jakttid.

2. Jakttid rype:

Miljødirektoratet går inn for og avskaffa vinterjakt på rype. Dette grunna bestandsituasjonen og at rypa er på raudlista frå 2015. Vinterjakt vil i stor grad beskatta dei individa som skal hekke til våren og med små bestandar av rype må dei takast vare på. Rådmannen stør forslaget om og avslutte vinterjakt på rype.

3. Gråmåke tas ut av lista over jaktbare artar:

Måke har etablert seg i mange fjellvatn i heile landet. Det er ikkje ynskjeleg at måker etablerer seg der. Det er stor fare for spreiding av makk til fisken i fjellvatna som forringar kvaliteten på fisken. Rådmannen ynskjer at jakt på måke i fjellet skal fortette da måke ikkje naturleg høyrer heime i fjellet.

Økonomiske konsekvensar: Ikkje relevant.

Uttale frå kommunale råd: (Eldreråd, Råd for funksjonshemma, Ungdomsråd) Ikkje relevant.

Risikovurdering: Ikkje relevant.

Verdiskaping og næring: Ikkje relevant

Aktuelle lover:

Naturmangfoldlova

Viltlova

Saka skal ekspederast av:
Særutskrift skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv